



Hedalm Anebyhus AS Avd Ilseng
Postboks 4
2344 ILSENG

Referanser:
Dykkar:
Vår: 18/1111 - 18/13077

Saksbehandlar:
Anne Lise Molvik
anne.lise.molvik@lindas.kommune.no

Dato:
23.04.2018

Førebels svar med trong for tilleggskontroll (bustad 4) - gbnr 195/235 Leiknes

Tiltak: Bustad 4
Byggjestad: Gbnr: 195/235
Tiltakshavar: Fløssvika Utvikling AS
Ansvarleg søkjar: Hedalm Anebyhus AS Avd Ilseng

Kommunen stadfestar å ha motteke dykkar søknad 26.03.2018.

Mottakskontroll

Kommunen har kontrollert søknaden og finn at den ikkje er fullstendig. Vi ber om at søknaden vert supplert med følgjande dokumentasjon:

- Veg, vatn og avløp
Bustadane skal knytast til kommunalt VA-anlegg via ny felles stikkledning som skal etablerast. Det er søkt om løyve til tilknytning ved innsend rørleggarmelding. Byggeløyve kan ikkje gjevast før nødvendig tilkopplingsløyve ligg føre.

Stikkledningen som skal etablerast må omsøkast. Dette kan skje anten ved at etablering av stikkledningen inngår i ein av byggjesakene for bustadane, t.d. bustad 1, eller ved at den vert handsama som eiga sak. Nødvendige teikningar av stikkledningen i sin heilskap må leggjast ved.

Eigedomen har tilkomst frå fylkesveg 391 via privat veg som er regulert til offentleg veg. Det må dokumenterast at eigedomen er sikra vegrett heilt fram til fylkesveg.

- Støttemur
Det går fram av situasjonsplanen at det skal etablerast støttemur langs grensa mot nordaust. Muren må omsøkast. Dette kan skje anten ved at etablering av muren inngår i ein av byggjesakene for bustadane, t.d. bustad 1, eller ved at den vert handsama som eiga sak. Nødvendig dokumentasjon som lengdeprofil av muren i sin heilskap og nødvendige tverrprofil må leggjast ved,



og avstand til nabogrense må førast på situasjonsplanen. Vi gjer merksam på at murar over 2 meter skal terrasserast, jf § 1.4 i føresegnene.

Kommunen ber om at tilleggsinformasjon vert sendt inn samla innan **20.05.2018**. Dersom informasjonen ikkje er sendt til kommunen innan fristen, vert saka tatt til handsaming ut frå dei opplysningane som ligg i søknaden.

Det vert gjort merksam på at dette ikkje er ein fullstendig gjennomgang av søknaden. Denne tilbakemeldinga er gjort på bakgrunn av dei forholda som er kontrollert ved kommunen sin mottakskontroll. Vi oppmodar søker om å ta ein ny gjennomgang av søknaden før innsending av etterspurd dokumentasjon slik at ein unngår ytterlegare forseinkingar i saksgangen.

Sakshandsamingsfrist

Tidsfristar for sakshandsaming går fram av plan- og bygningslova § 21-7, jf. SAK § 7-1.

Gebyr

Gebyr vert rekna ut i frå Lokal forskrift om gebyr for teknisk forvaltningsteneste. Det vert sendt ut krav om gebyr i samsvar med gjeldande forskrift når saka er ferdig handsama.

Med helsing

Siril Sylta
avdelingsleiar

Anne Lise Molvik
rådgjevar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Kopi til:

Fløssvika Utvikling AS	Alvervegen 25	5911	ALVERSUND
------------------------	---------------	------	-----------

Mottakarar:

Hedalm Anebyhus AS Avd Ilseng	Postboks 4	2344	ILSENG
-------------------------------	------------	------	--------